



Alver kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 108/592 - oppføring av naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 30.08.2022. Saka gjeld søknad om etablering av naust med opplyst BRA på 28,5 m<sup>2</sup>. Søknad omfattar dispensasjon frå arealføremål «bustad», plankrav, samt byggegrense sett i kommunedelplan om lag 15 meter frå sjø.

Ved ein inkurie er saken ført med frist 28.10.22 i vårt saksystem. Vi ser no at dette er feil frist, og beklagar at dette ikkje er fanga opp før. Kommunen har opplyst at saka ikkje er handsama endå, så då vel vi å skrive ein uttale.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyna til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjere unntak frå gjeldande plan. Ut frå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Byggeforbodet i strandsona skal sikre både friluftsliv, ålmente interesser, natur og landskap. Strandsona skal i utgangspunktet vere ubyggd. Område ligg i eit bustadområde. Sjøarealet utanfor eigedomen er registrert som eit svært viktig friluftsområde, Lindåspollane/Lindåsosane.

Vi oppfattar at presset på strandsona er stor, mye av strandsona er allereie bygd og privatisert. Slik vi ser det er det viktig å ta vare på dei resterande standsoneverdiane. Eit nytt naust vil i nokon grad auke privatiseringa av strandsona, sjølv om eit naust har mindre privatiserande effekt enn ein bustad. Sjølv om tilkomsten frå land ser ut til å vere privatisert på ein slik måte at det vil vere vanskeleg for ålmente å gå ned til sjøen i dette området, kan likevel området privatiserast meir for dei som ferdast på sjøen. Både landskap og grønstruktur er viktige strandsones kvalitetar, som vil



verte råka av tiltaket. Eit nytt naust vil gjere området meir utbygd, og tiltaket vil endre landskap sett frå sjø.

Vi viser til Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Her står det mellom anna at avklaring av arealbruken skal skje igjennom planlegging og ikkje gjennom enkeltvise dispensasjonar. Strandsona skal vurderast heilskapleg og langsiktig. I dette området har kommunen satt ei byggegrense mot sjø i kommuneplanen. Det skal difor vere gjort ei konkret vurdering av strandsona i dette området, og tiltaket er i strid med denne. Det skal mykje til for å fråvike byggegrensa, særleg i områder med press på strandsona. Det skal også mykje til for å fråvike plankrav ved bygging i strandsona.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon i saka. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*